

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Førde HF

**DATO:** 06.06.2016  
**SAKSHANDSAMAR:** Anne Kristin Kleiven  
**SAKA GJELD:** "Pasientens helseteneste - Helse Førde 2030" - status

**ARKIVSAK:** 2014/4251  
**STYRESAK:** **040/2016**

**STYREMØTE:** **17.06.2016**

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek arbeidet med innsatsområde for Helse Førde, «Pasientens helseteneste – Helse Førde 2030», til vitande.

## Oppsummering


Saka inneheld status for gjennomføring av utviklingsplan i Helse Førde. Styret skal haldast løpande orientert om framdrift og organisering, og ta stilling til spørsmål av strategisk karakter.

Vi syner til førre orientering for styret den 21.01.2016. Våren 2016 har det vorte arbeidd med å avklare kva prosessar som er naudsynte å setje i gang og hente inn kompetanse. Vidare har kommunikasjon, forankring og informasjon vore viktige aktivitetar.

Det har vore sett ned ei faggruppe med avdelingssjefar frå alle fire klinikkområda, brukarrepresentantar, tillitsvalde, verneombod og praksiskonsulent. Gruppa har arbeidd med å konkretisere mål, retning og tiltak for det vidare arbeidet, basert på overordna strategiar og prinsipp som ligg i planverket som vart vedteke i 2015. Faggruppa sitt arbeid er nedfelt i eit dokument som ligg ved denne saka. Dette dokumentet vil gje føringar for vidare arbeid med dei ulike prosjekta som er i gang, og som vil bli sett i gang framover.

## Fakta


Helse Førde vedtok utviklingsplan for Helse Førde hausten 2015. Planen gjeld utvikling av tenester og bygningar og skildrar mål og retning på eit overordna nivå. Følgjande vegkart for det vidare arbeidet er utarbeidd av klinikkdirektørane sine leiargrupper, og er lagt til grunn for det vidare arbeidet denne våren.



Dette halvåret har vorte nytta til å legge grunnlaget for vidare gjennomføring fram mot 2030. Arbeidet er organisert i eit program med ulike prosjekt. Målet om å skape pasientens

helseteneste inneber involvering av alle tilsette, samarbeidspartar og brukarrepresentantar. Alle tenestemråde, arbeidsprosessar og organisering vil bli vurderte.

Status for organisering og aktivitetar i programmet er synt i figuren under.



**Faggruppas** arbeid har ein sentral plass i å gje viktige føringar for vidare arbeid i program og prosjekt. I mandatet for gruppa er hovudmålet å *skape felles forståing og god forankring av kva som skal gjerast for å utvikle pasientens helseteneste*. For å nå dette målet har faggruppa følgjande delmål:

1. Peike ut kursen for kva som skal vere mål i høve til brukarane, fagleg kvalitet og pasienttryggleik, medarbeidarar og ressursutnytting.
2. Tydeleggjere og konkretisere strategiar slik at desse kan danne grunnlag for utviklingsarbeidet som skal skje i åra framover, og utgjere ein kortversjon av planen.
3. Delta i arbeidet med å kvalitetssikre og vurdere behovsframskrivingar og modererande faktorar opp mot kapasitet og organisasjon.

Arbeidet skal danne grunnlag for oppstart av forprosjekt arealplan Førde sentralsjukehus i oktober 2016, og under dette evaluere om konseptfase arealplan FSS er i samsvar med konkretiseringane som er gjort.

Faggruppa har til no arbeidd med delmål 1, og resultatet er dokumentet som er vedlagt saka. Dokumentet vart lagt fram i leiardialogsamling med alle leiarane 19. mai, og er arbeidd vidare med utifrå tilbakemeldingar derifrå. Innhaldet vil bli oppdatert når det er naudsynt utifrå endra føringar eller føresetnader. Faggruppa har så vidt starta arbeidet med å kvalitetssikre behovsframskrivingar, dvs. delmål 3. Dette arbeidet blir intensivert utover hausten. Medlemer av faggruppa er også involverte i prosessen med Helse Vest 2030, der det er nedsett grupper for å gje føringar på sentrale område. Dette gir verdfull inputt til Helse Førde sitt arbeid, samstundes som sentrale deltakarar hos oss får delta i den regionale planutforminga.

**Prosjekt.** Programmet har vidare starta med følgjande prosjekt:


- Utvikle døgntilboda. Dette prosjektet har teke opp i seg aktivitetar som var starta hausten 2015, og arbeidd vidare med dette i to delprosjekt (sjå bilete under).
- Lærdal sjukehus – kartlegging og samhandling.
- Eit delprosjekt knytt til prehospitale tenester, prosjekt båtambulansesør.
- Prosjekt stab og støtte, førebels med tre delprosjekt.

Prosjekt psykisk helsevern og rustenestene er under planlegging.

Nokre andre utviklingsoppgåver som vil bli starta opp i 2016:

- «Ansvar for heile mennesket» er sett som overskrift på utviklingsarbeidet som skal gjerast for å gje pasientar som treng dette, ei meir heilskapleg og koordinert behandling på tvers av dagens faglege og organisatoriske organisering.
- Mottaksorganisering
- Poliklinikk og diagnostisk senter
- Dagtilbod
- Medisinske støttetjenester
- Forprosjekt areal Førde sentralsjukehus

Figuren under syner dei ulike prosjekta som er etablerte med delprosjekt, og nokre av dei som er under planlegging.




### Andre aktivitetar. I tillegg til prosjekta, er det

- etablert kommunikasjonsplan og både interne og eksterne aktivitetar er sett i gang.
- nedsett ei analysegruppe som skal framskaffe talmateriale for prosjekta
- tilsett prosjektleiara/prosjektkoordinatorar som både skal arbeide med pasientens helseteneste og koordinere samla prosjektportefølgje i Helse Førde.

### Rosanalyse. Følgjande område er vurderte:

- Målsetjing/rette aktivitetar:
  - Kor vidt Helse Førde utviklar pasientens helseteneste med god kvalitet, brukarmedverknad og heilskaplege pasientforløp. Om det er etablert rette aktivitetar, som bidreg til måloppnåing pasientens helseteneste
- Ressursar/kvalitet:
  - Om det er tilgjengeleg tilstrekkeleg og rette ressursar (fagleg kompetanse, personell, metode/fasiliteringsressursar
- Tid/kapasitet:
  - Kor vidt programmet er mogleg å gjennomføre innan eksisterande rammer
- Koordinering/styring:
  - Kor vidt vi evnar å prioritere dei rette tinga, ta omsyn til dei mest relevante faktorane undervegs, samordne og sjå heilskapen. Kor vidt volum, kapasitetsbehov, teknologiske løysingar og tal tilsette for planperioden er detaljert nok til at forprosjekt ut-/ombygging FSS kan starte oktober -16
- Forankring/involvering:
  - Kor vidt pasientens helseteneste er etablert, forankra i heile organisasjonen og har fått rett bemanning og prioritet. Kor vidt vi evnar å involvere brukarar, fagfolk, nøkkelpersonar og eksterne samarbeidspartar. Brukarmedverknad er etablert med ein tydeleg funksjon i program for pasientens helseteneste
- Økonomi:
  - Kor vidt vi evnar å sjå og ta omsyn til driftsmessige konsekvensar av prosjekt/delprosjekt, og endra føresetnader i høve konseptfaserapporten. Kor vidt vi evnar å realisere gevinstar.

På eit overordna nivå, kom følgjande område høgt opp på risiko, sjå figur under:



Programleiinga har sett inn tiltak for å redusere risiko. Mellom anna er aktivitetar kring kommunikasjon og forankring, arbeid med kvalitetssikring av data og etablering av møtearenaer for å ta avgjerder retta inn mot desse områda. Per i dag er det å få sett av nok ressursar i klinikkane truleg største risikoelementet. Det er mange regionale prosjekt og andre utviklingsprosessar som må koblast til dette utviklingsarbeidet, og som alt krev mykje ressursar. Tilstrekeleg involvering av kommunane er eit anna område som er høgt på dagsorden. Deira rolle i utviklingsarbeidet er avgjerande viktig for best mogleg samla helsetenester til innbyggjarane i framtida.

## Kommentarar

Arbeidet er spennande og engasjerer både brukarrepresentantane, dei tilsette og samarbeidspartane våre. Det er utfordrande å sikre forankring og involvering i alle delar av organisasjonen og med samarbeidspartar. Dette vil det bli arbeidd kontinuerleg med. Utviklingsarbeidet er omfattande og komplekst, og ikkje alle mål og tiltak er tydelege per i dag. For å skape pasientens helseteneste og gje brukarane meir mynde, må merksemda rettast meir mot korleis tenestene vi leverer blir opplevd av brukarane. Det betyr at eigne preferansar, fag og organisasjon vil få noko mindre vekt. Dette er eit kulturelt arbeid som kan vere utfordrande.

Utviklingsarbeidet må verte kontinuerleg overvaka og justert utifrå nye føringar og endra premiss og rammer. Programmet må syte for at helskapen er ivareteken og at alle viktige

prosessar er med. God kontroll på økonomien, med plan for gevinstrealisering i alle prosjekt og kobling mot års- og langtidsbudsjett, blir viktig i tida framover.

I haust skal forprosjekt for arealplan Førde sentralsjukehus setjast i gang, og det blir avklara om Helse Førde får lån til ut- og ombygging. Det er viktig å få modernisert sjukehuset, både for betre pasientopplevd – og medarbeidarkvalitet. Men det viktigaste er å utvikle tenestene. Utviklingsplanen gjeld alle einingar i Helse Førde, og skal medverke til å styrke samarbeidet mellom lokalsjukehus/distriktpspsykiatriske sentra og sentralsjukehuset. Faggruppa har synleggjort at det er mange tiltak som kan gjennomførast allereie no.

### **Konklusjon**

Program pasientens helseteneste – Helse Førde 2030 har gjennomført eit viktig forankrings- og grunnarbeid våren 2016. Det føreligg eit dokument som konkretiserer retning og tiltak på ei rekke strategisk viktige område. Faggruppas konkretiseringar av strategiane i planen og prinsippa i konseptfasen er eit godt utgangspunkt for vidare arbeid i prosjektgrupper og andre prosessar. Det er etablert aktivitetar som tek i vare behovet for framdrift og risikoreduserande tiltak.